Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr 18.

Fylke: Sör-Trondelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Orkland.

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Tjukkbygda.

Oppskr. av: Marcus Vorndal.

Gard: Brattliskute

(adresse): Svorkmo

G.nr. 130 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ole L. Aune har voret til hjelp. (72 år)

SVAR

Nr. 1 — Ja.

Nr 2. Det kom ibruka kring 1895 og da helst på dei gardane der var born

Nr 3. Juletreet kom först i heimane sidan på festane, og da helst på festar haldne av kristelege organisasjonar. Seinast i kyrkja.

Nr 4. Tröndelag har mykje gran og vil ein pynta, så pyntar ein med julekorn.

Nr 5. Det kan vel henda at ein i seinare sider brukar noko högtidsstas attåt juletreet. Det er vel helst av papir og heng under loftet og övst i döraopningar. Så har dei bordlöpere med julenissetegninger

Nr 6. Det er stor skilnad på dette. Förr i tida stod det alltid i golvet og var da ca 2 m högt. I seinare år har dei eit ca 50 cm tre ståande på eit bord.

12033

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nr 7. Det er pynta med glaskulor og stjernor o. l. og har alltid lys av eitt eller anna slag.

Nr 8. Kvinnfolk og born hjelpest åt.

Nr 9. Sjå svar nr 6.

Nr 10. Ein tender ljosa første gongen julekvelden. Sidan tender ein dei ved ymse høve, som når ein har julelag o. l. Så tender ein også nyårskvelden og heilag-tre-kongar.
Sidan så mange fekk elektriske julelys er det ofte at juletreet brenn kvar kveld heile jula i gjennom. Ein brukar det til å lysa opp stova det står i

Nr. 11 Ein går rundt treet og syng julesongane.

Nr 12. Det står til tjuande helga.

Nr. 13. Ein seier helst hausta enda det no for tida er ingen ting som kan etast.

Nr 14 Alltid gran.

Nr. 15. Bortfell.

Nr 16. Nei det gjorde ein ikkje. Julenek var fest lie ei stong og stod ved låvebrua:

12033

# Julehalm.



Nr 1. Me som lever no hugsar det ikkji, men heimelsmannen min O. L. Aune kan fortelja at mor hans sagde ho såvidt kunne minnast dei hadde halm på golvet. Ho var fødd i 1855. Altså kan ein rekna med at skikken heldt seg til ca 1860.

Nr 2. Det veit me ikkji

Nr 3. Det veit me heller ikkji

Nr 4. Det veit me heller ikkji.

12033